

23.09.2009

## Konfirmantjubileum med rom for fleire



Dei jubilante konfirmantane samla på Solheim for to år sidan. (Foto: Audun Eik)

**Til helga er det konfirmantjubileum i Uskedalen og leiar i soknerådet Audun Eik opplyssar til uskedalen.no at rundt rekna 30 70-, 60- og 50-årsjubilantar har meldt seg på. Det er litt over halvparten av dei inviterte.**

Framleis er det nokre uskedelingar som ikkje er å finna på deltakarlista og Eik oppmodar dei om å bli med. Det er framleis ikkje for seint. Det kjem langvegsfarande frå store delar av Vestlandet til jubileet og då bør dei som bur her slutta opp, meiner soknerådsleiaren.

Programmet vil vera ganske likt det for to år sidan. Laurdag er det "kulturell vandring" i Uskedalen, men den går føre seg med bil og blir leia av Kristian Bringedal. Etter "vandringa" er alle samla i Gamleskulen for servering og her det det også opning for servering av gode historiar. To innslag er allereie på programmet: Liv Gurli Horgen les opp og Ragna Hjelmeland fortel..

Sundag klokka 11 er det gudsteneste i kyrkja ved Aksel Lygre og etter denne festleg samvær på Solheim Turiststasjon der det vert servert middag og kaffi med kaker. Det blir også her innslag ved Ragna Hjelmeland, som vaks opp på Skorpo.

Det har vore konfirmantjubileum i mange år her i bygda, men jubileet for to år sidan vart for første gong halde over to dagar. Det vart svært vellukka og opplegget vart sterkt berømma av dei jubilante konfirmantane.

Soknerådet hadde funne fram til eit heldig opplegg med sams jubileum for seks kull og dette blir altså gjenteke i år. Med andre ord er det konfirmantane frå 1938, 1939, 1948, 1949, 1958 og 1959 som er inviterte.

Av Ola Matti Mathisen



Dette er det første konfirmantkullet i Uskedalskyrkja fotografert av Andreas Elias Røvde i 1924. Det består av Hjalmar Ljosnes, Wilhelm Matre, Knut Døssland, Thomas Wang, Johannes Rød, Lars H. Skorpen, Nils H. Rød, Bjarne Ljosnes, Torvald Myklebust, Jenny Volden, Marie Musland, Nelly Haugland, Agnes Helvik Raudstein, Unni Myklebust og Karl Rød. Biletet er å finna i ungdomslaget sitt arkiv.